



Sakshandsamar: Gerd Karin Røsæg

## Møteplan for Kyrkjerådet 2011-2012

### **Framlegg til vedtak**

Kyrkjerådet vedtek at det skal haldast fire årlege møte i Kyrkjerådet i 2011 og 2012.

### **Saksorientering**

Kyrkjerådet (KR) har ved eit par høve spurt om det er mogleg å halde fire KR-møte i året. Administrasjonen har fått eit framlegg frå Lars Erlend Kielland der han ber om at ”4 årlege møter blir normalen fremover”, med den grunngevinga at rådet da enklare kan følgje med i pågåande prosessar.

Det valde Kyrkjerådet har sidan Kyrkjemøtet (KM) vart oppretta i 1984 halde tre årlege møte: feb/mars, mai/juni og september. Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd har òg hatt tre årlege møte. Møta i desse to råda har gjerne vorte haldne 1–2 veker før KR. Grunngevinga for dette er at dei to råda skal handsame nokre av sakene før dei blir lagde fram for KR.

I 2000 gav budsjettet berre rom for to møte (februar og september). I tillegg til dei tre ordinære møta har det fleire år vore naudsynt å halde eit ekstra kyrkjerådsmøte i samband med Kyrkjemøtet.

Det er to hovudomsyn som må takast når møtetidspunkta vert fastsette: Handsaminga av årsplan og budsjett i KR må skje så tidleg som mogleg på året. I tillegg seier KMs forretningsorden at innkallinga og sakspapira skal liggje føre seinast 5 veker før møtet.

Frå og med 2011 skal Kyrkjemøtet haldast i april, noko som fører til at saker som skal fram for KM, seinast kan handsamast i KR i overgangen januar–februar. Men det er ikkje mogleg å gjere budsjettsaka klar til handsaming så tidleg på året.

Sidan det Kyrkjerådet som blir valt i november 2010, berre skal verke i to år, og sidan tidspunktet for KM blir lagt om frå haust til vår, må ein sjå 2011 og 2012 som unnataksår. Slik stoda er, verkar det rett å leggje ein plan for rådsmøta i 2011/2012 og la det nye KR leggje føringar for møta i 2013 og frametter.

Vi foreslår denne møteplanen for KR i 2011–2012:

19. november 2010	Konstituerande møte i nytt KR
<u>2011</u>	
13.–14. januar 2011 (25.–28. januar BM (veke 8	KR-møte med ferdigstilling av KM-saker Handsaming av liturgisaker) Utsending av KM-dokument)
14.–15. mars	KR-møte (budsjett, årsplan med meir)
4.-9. april	KM
26.–27. september	KR-møte
5.–6. desember	KR-møte der KM-saker blir ferdigstilte
<u>2012</u>	
Februar/mars	KR-møte (budsjett, årsplan med meir)
16.–21. april	KM
20. april	Konstituerande møte i nytt KR
11.–12. juni	KR-møte
24.–25. september	KR-møte
10.–11. desember	KR-møte med ferdigstilling av KM-saker

Frå og med 2013 vil ein rytme med møte i mars, september og desember vere naturleg. Det melder seg ei utfordring det året eit nytt KR blir valt; det er ikkje bra at nytt KR ikkje har møte før i september, nesten eit halvt år etter at det er valt (sjå kommentar om 2012 ovanfor).

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Ved å auke til fire møte i 2011 og 2012 vil dei årlege møteutgiftene til reise, opphald og mat auke med ca 50 000. I tillegg kjem eventuelle krav om tapt arbeidsforteneste.